



# Møteprotokoll

**Utval:** Folgefonna nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Fjæra, Etne

**Dato:** 06.12.2023

**Tidspunkt:** 12:00 - 16:00

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrd Brattabø Handegard	Leiar	Vestland fylkeskommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang kommune

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hilde Enstad	Nestleiar	Kvinnherad kommune

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Leif Sverre Enes	Hilde Enstad	Kvinnherad kommune

## Merknader:

## Andre frammøtte:

Namn

Rune Johan Mikkelsen

Øystein Wallevik

Lars Mikkjel Hus Kråkenes

rådgjevar

rådgjevar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 35/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 36/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 37/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - ynskje om støttebrev - reautorisering besøkssenter - Folgefonnsenteret		2023/16345
ST 38/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad med oppmoding om utbetaling av tilskot - bru Vatnastøl - Enes Elveeigarlag		2023/17083
ST 39/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad fleirårig løyve - motorferdsel - Statkraft AS		2023/15249
ST 40/23	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Valestrand beitesforening		2023/17709
ST 41/23	Saksframlegg - søknad om drift- og tiltaksmidlar for 2024 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2023/17925
ST 42/23	Referatsaker		
RS 18/23	Uttale Folgefonna nasjonalparkstyre - Ullensvang - søknad - 51/5 - 1 Holmaskjær-DNT Odda - ny stålpipe		2023/15936
ST 43/23	Delegerte saker		
DS 7/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Ænesdalen - motorferdsel med ATV - Per Magne Enes		2021/13019
DS 8/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - droneflyging - tilsyn med sau - Guddalsdalen sankegruppe		2023/14748
DS 9/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - Snøskuter - Sandvinstølene via Grønsdalsstølen - Lasse Riise		2023/9335
DS 10/23	Delegert vedtak- Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - snøskuter - turisthytta Holmaskjer - Odda/Ullensvang turlag		2023/18047
DS 11/23	Delegert løyve - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - vindskader - Fonnabu - DNT		2023/16215
DS 12/23	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - søknad om å hogge ved - Hjortedalen - Valestrand beiteslag		2023/17676

### ST 35/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

## **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

### **Handsaming i møte**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjent.

## **ST 36/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

### **Handsaming i møte**

#### **Vedtak**

Styreleiar Sigrid Brattabø Handegard og Jarle Vangen skriv under protokollen.

## **ST 37/23 Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - ynskje om støttebrev - reautorisering besøkssenter - Folgefonnsenteret**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

### **Handsaming i møte**

Innstillinga vart samrøystes vedteke. Styret ser på samlokaliseringa av besøkssenter og forvaltninga som ein vinn-vinn situasjon med eit sterkt fagmiljø i ryggen.

#### **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre støttar Besøkssenteret for Folgefonna nasjonalpark si søknad om reautorisering som besøkssenter for Folgefonna nasjonalpark.

# **ST 38/23 Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad med oppmoding om utbetaling av tilskot - bru Vatnastøl - Enes Elveeigarlag**

## **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

### **Handsaming i møte**

Leif Sverre Enes melder seg inhabil i saka som grunneigar på Ænes.

Styret er eining i at bygginga av brua på Vatnastøl var eit naudsynt tiltak for å fremje sikkerheita i Folgefonna nasjonalpark. Samt at tiltaket nok måtte verte prioritert frå Nasjonalparkstyret si side hadde ikkje Enes Elveeigarlag tatt initiativ. Styret påpeikar også at stønad har blitt gitt til eit slikt brutiltak tidlegare, på ei bru ved Buerbreen i 2021. Også dette etter at tiltaket vart fullført. Denne brua vart støtta med 100 000,- og styreleiar fremja forslag om at brua i Vatnastøl får same prosentvise stønad som brua ved Buerbreen. Dette forslaget vart samrøystes vedteke. Brua ved Buerbreen hadde eit kostnadsoverslag på 286 000,-, og vart støtta med 100 000,-. Dette utgjer ein prosentandel på 34.97%.

Brua ved Vatnastøl hadde eit kostnadsoverslag på 70 000,-, og 34.97% av denne summen utgjer 24 479,-.

### **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre støttar Enes Elveeigarlag sitt tiltak om bygging av bru ved Vatnastøl i Ænesdalen i Folgefonna nasjonalpark med kroner 24 479,-. Stønaden vert gitt basert på den prosentvise stønaden gitt i 2021 til bygging av bru ved kanten av Nedre Buerbreen i Folgefonna nasjonalpark.

# **ST 39/23 Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - søknad fleirårig løyve - motorferdsel - Statkraft AS**

## **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

### **Handsaming i møte**

Innstillinga vart samrøystes vedteke med eit par små justeringar.

Etter innspel frå SNO og Rune Mikkelsen som deltok på møtet, treng ikkje Statkraft kontakte SNO før kvar transport. Dette vert vurdert som uforholdsmessig då det er snakk om så mange turar kvart år, der dei fleste av turane handlar om vanleg drift og vedlikehald. Styret meiner fokuset bør liggje på køyrebøkene som vert sendt inn kvart år, at desse er godt skildra med naudsynt informasjon for å understreke behova for motorisert ferdsle i verneområda. Styret ynskjer at køyrebøkene vert sendt samla, og forvaltar ber om at Statkraft synleggjer kva turane vert nytta til dersom dei får fleire løyver i området undervegs. Til dømes om det oppstår nye utbetningsbehov. Slik kan forvaltar skilje mellom turar som nyttast på dette løyvet og eventuelle andre løyver.

Styret ynskjer at det vert lagt til eit punkt i vilkåra for løyvet om at ein vil se på moglegheiter for justering av vilkåra i 2025 dersom køyrebøkene skildrar dette som naudsynt. Dette kan vere ved auka behov frå Statkraft si side, eller dersom ein ser at antalet turar det er gitt løyve til er uforholdsmessig høgt.

## Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Statkraft AS fleirårig løyve, med heimel i § 3 1.2 b) 1. i Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde og § 3 6.3 i. i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, til å nytte motoriserte køyretøy i Bondhusdalen landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet vert gitt i samband med drift og vedlikehald av Statkraft sine kraftanlegg i området samt pålagde målingar.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for fire år frå 01.01.2024 til og med 31.12.2027
- Løyvet gjeld for transport av utstyr, materiell og mannskap med helikopter, snøskuter eller bil i samband med drift og vedlikehald av Statkraft sine kraftanlegg i Bondhusdalen landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark
- Løyvet gjeld for naudsynt aktivitet knytta til nemnt vedlikehald og drift samt bremåling, innhenting av hydrologiske data og andre naudsynte oppgåver knytta til konsesjonar og anna lovverk
- Løyvet gjeld for følgjande lokasjonar med antall turar innvilga:
  - Helikopter til breinntaket «Vinduet». Inntil 10 turar årleg.
  - Helikopter til inntak ved Heimsta Brufossvatn. Inntil 10 turar årleg.
  - Helikopter til inntaka ved Stutatjørn. Inntil 10 turar årleg.
  - Helikopter til kanal frå Heimste Revavatn til Jukladalsvatn. 1 tur årleg.
  - Helikopter til målestasjon ved Fynderdalsvatnet. Inntil 3 turar årleg.
  - Helikopter for frontmåling av Gråfjellsbreen. 1 tur årleg.
  - Snøskuterkøyring frå Folgefonna skisenter til Juklavatn og Markjelkevatt. Inntil 4 turar årleg.
  - Helikopter til Blådalsvatnet. Er veret dårleg nyttast snøskuter via Holmaskjær. 1 tur årleg.
  - Bil til Bondhusvatnet. Inntil 10 turar årleg.
- Dersom mogleg skal Statkraft vitje fleire lokasjonar i same fyking for å halde antal flygingar til eit minimum.
- Bil til Bondhusvatnet skal kun nyttast dersom det er naudsynt for å frakte med utstyr
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdag
- Planlagt drift og vedlikehald skal haldast på eit minimum under etableringsfasen for hekking for kongeørn i februar-mars kvart år
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebøker for sesongen skal sendast samla til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember kvart år. Merk med referanse: 2023/15249. Send gjerne på e-post til: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)
- Har Statkraft fått utvida løyve, eller fått andre løyver i området, må dette synleggjerast i køyrebøkene for ordens skuld
- Det er opna for justering av løyvet i 2025 basert på køyrebøker og kommunikasjon med Statkraft

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområda ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette. Søkjar er pliktig til sjølv å skaffe naudsynt løyve frå kommune og grunneigarar.

# **ST 40/23 Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - Valestrand beitesforening**

## **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

### **Handsaming i møte**

Som tillegg til innstillinga, uttrykte forvaltaren behovet for ei skisseteikning og ei vurdering frå Fylkeskommunen angående utforminga av tiltaket før behandlinga av saka. Dette forslaget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka. Handsaming vart utsett fram til følgjande saksopplysningar er lagt til:

- Skisseteikning av byggetiltaket
- Vurdering frå Fylkeskommunen på utforming av bygget

# **ST 41/23 Saksframlegg - søknad om drift- og tiltaksmidlar for 2024 - Folgefonna nasjonalparkstyre**

## **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

### **Handsaming i møte**

Uttak av gran vart flytta ned som nummer fem på tiltakslista:

1. Opprusting av sti frå Pyttelva til Nædstasetret i Bondhusdalen
2. Kartlegge innfallsportar og skilt/informasjon kring verneområda
3. Prosjektere innfallsportar Bondhus og Buer
4. Løpande vedlikehald av stinett og innfallsportar
5. Uttak av granfelt ved Myrdalsvatnet
6. Kulturminnekartlegging
7. Kartlegging og sårbarhetsvurdering av kvartærgeologiske førekomstar

Endeleg vedtak vert utsett til etter nyttår. Da vil entreprenørane sine tilbod til granuttak gje betre rettleiing om pris og gjennomføring. Forvaltaren vil òg undersøke om kommunens kulturminneplan inneheld rikeleg informasjon, slik at kulturminnekartlegging ikkje er naudsynt.

### **Vedtak**

Styret utsett endeleg vedtak om tiltaksmidlar til etter nyttår (veke 1 i 2024).

## **ST 42/23 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

**Handsaming i møte**

**Vedtak**

## **ST 43/23 Delegerte saker**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 06.12.2023**

**Handsaming i møte**

**Vedtak**